



Saksframlegg

Datasenteretablering i Fyresdal - ressursbehov for kommunen som organisasjon

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Administrasjonen i Fyresdal kommune har nå i fleire år førebudd seg på at det skal bli datasenteretablering på Molandsmoen. Det har ikkje vore sett av ressursar til dette i budsjetta. Det er heller ikkje sett av midlar til administrasjonen i budsjett for 2026. Det betyr ikkje at det ikkje er blitt bruka ressursar til dette. Administrasjonen har dei siste åra brukt masse tid på dette, det er også blitt nytta ressursar til advokat og andre nødvendige ting. Frå mai 2025 har administrasjonen hatt ein prosjektkoordinator. Denne stillinga er også vidareført som ei prosjektstilling i 2026. Stillinga som prosjektkoordinator var det ikkje sett av midlar til i 2025, men kommunedirektøren hadde politisk aksept for å gå ut over ramme. I 2025 klarte ein delvis å dekke opp dette med andre midlar.

Nå som utbygginga på Molandsmoen er i gang med grunnarbeid, og realisering av datasenter på Molandsmoen er ein realitet, vil kommunedirektøren fremme ei sak for formannskap og kommunestyret for å få sett av ei økonomisk ramme i 2026 for å handtere dei kostnadane som kjem i samband med etableringa.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

- *Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet*
- *Fyresdal kommune skal legge til rette for dialog og samskaping med innbyggjarar*

I 2025 og nå i starten på 2026 har vi erfart at det kjem kostnadar i samband med datasenter etableringa som det ikkje er dekning for, eller ein slit for å finne kapasitet i organisasjonen for å gjennomføre. Derfor ynskjer kommunedirektøren å få ei økonomisk ramme som kan nyttast til å dekke disse kostnadane. Nedanfor vil kommunedirektøren skissere eksempel på kostnadar som kan kome og som ein vil ha behov for dekning av. Eksempla er delvis basera på erfaring frå

prosessen så langt, men også ting ein ser inn i 2026 og åra framover. Behovet for økonomiske rammer er i denne saka fordela på kostnader til dekning av auka bemanning/innleige og kostnader som kjem fordi ein kaupar ein teneste frå nokon eller gjennomfører ein prosess.

Kostnader til auka bemanningskapasitet:

Tiltak	Forklaring
Prosjektkoordinator	Stillinga har vært frå mai 2025 og er vidareført i 2026 utan økonomisk dekning
Auka behov på næring	Næring har fått ein stor auke i kontakten med næringslivet og i koordinering av alle prosjekta som er i gang eller er under planlegging
Auka behov på bustadutvikling	Kommunalsjefsområde plan og teknikk har fått stor auke i planlegginga av auka bustadbygging
Auka behov i samband med planar om hotellbygging	Kommunalsjefsområde plan og teknikk og næring har fått auke i arbeide kring planlegging av hotell, pub, restaurant og auka turisme
Auka behov i samband med samfunnsutviklingsprosjekt som er under planlegging og prosjektutvikling	Kommunalsjefsområde plan og teknikk og næring har fått auke i arbeide kring planlegging og prosjektutvikling av nytt hestesportsenter, rullepark, treningssenter, badstue/friluftsbad og anna
Auka behov for koordinering og kontakt med utbyggjar, fylkeskommune, statlege etatar, statsforvaltar, andre kommunar, og andre	Koordinering av ulike møte og aktivitetar tek tid frå drifta av tenestene som da blir sårbare.

Kostnader til tenester og aktivitetar:

Tiltak	Forklaring
Studietur til Amsterdam	Studieturen låg ikkje inne i budsjett for 2026
Auka møte og reiseaktivitet	Møter i Oslo og deltaking på ulike konferansar
Advokat utgifter	Utgifter i samband med ulike avtaler som skal gjerast. Døme på dette er LVK i samband med eigedomsskatt, avtaler i samband med hestesportsenter og anna
Konsulenttenester i samband med sakshandsaming kring vedtak om utbygginga på Molandsmoen	Har inngått rammeavtale med Asplan Viak
Konsulenttenester i samband med igangsetting og oppfølging av byggeprosjekt	Har inngått rammeavtale med Inge Aamlid
Konsulenttenester i samband med bustadutvikling, hotell og andre utviklingsprosjekt	Hotellprosjektet har politisk vedtak om forprosjekt med økonomisk ramme
Kostnader til gjennomføring av medverknadsprosessar, folkemøte og andre medverknadsmøte og andre informasjonsmøte.	Eksempel på dette er medverknadsprosessen ein skal gjennomføre med unge vaksne i samband med påska

Oversikten ovanfor er ikkje uttømmende, men viser ein oversikt over kva for behov som er og kan oppstå framover i tid. Kommunedirektøren kan ikkje klare å være konkret på når dei ulike

utgiftene og behova kjem, men har behov for å ha ein delegasjon og ei økonomisk ramme til å handtere det som skjer utan at ein treng politiske vedtak for kvar ting.

Det er også vanskeleg for kommunedirektøren å seie kva for behov som det faktisk blir, så dersom behova er aukande, og går ut over ramma ein får, vil kommunedirektøren fremme ei ny sak til kommunestyret.

Konklusjon:

Fyresdal kommune har ein administrasjon som er lettbeint, fleksibel og med kompetanse som dekker mange felt til drift av kommunens organisasjon under normale omstende. Denne store næringsetableringa, som datasenter på Molandsmoen er, ligg på utsida av kva organisasjonen er bemanna for. Mykje kan løysast med dagens bemanning, men over tid vil det gå på bekostning av dei ordinære leveransane.

Kommunedirektøren ber derfor om ei ramme på 4 millionar for 2026 for å kunne finansiere dei tiltaka som er nødvendige for at Fyresdal kommunes administrasjon skal kunne levere det som etableringa krev, og iverksette, ivareta og utvikle lokalsamfunnet i tråd med dei føringane kommunestyret gjev for arbeidet.

Det vil vere behov for å auke bemanningskapasiteten anten ved tilsetting eller innleige av personar. I tillegg vil det vere behov for å ha tilgjengelege ressursar til innkaup av konsulenttenester av ulik art og direkte kostnadar knytt til arrangement og møte.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret løyver 4 millionar kroner til tiltak for å handtere datasenteretableringa på Molandsmoen og ringverknadane av denne etableringa i lokalsamfunnet

Kommunedirektøren får fullmakt til å nytte denne rammebevilgninga med utgangpunkt i det som skjer i prosessen.

Ramma på 4 millionar kroner vart teke frå disposisjonsfondet og gjeld for budsjettåret 2026.

Auke i driftsutgifter og driftsinntekter må innarbeidast i ordinært budsjett frå budsjettåret 2027.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør